



Atle Hansen under sin musikalske mimretur på Dønhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frammøtet var svært spinkelt då den mangfaldige trubadur, bømlingen Atle Hansen (54) hadde konsert på Dønhaug onsdag kveld. Det var synd, for låtskrivar, songar og forfattar Hansen hadde ein riktig triveleg og munter sjølvbiografisk mimretur. At han gløynde teksten her og der var berre sjarmerande.

Han starta heilt attende i sin popsongardebut på Moster då han var 14. Så kom han til gymnaset på Stord og fekk meir musikalsk luft under vengene i møtet med Jan Ingebrigtsen. Han byrja laga melodiar til hans dikt. Ein annan som han etterkvart kom til å samarbeida med og som betydde mykje var Rune Belsvik, som Hansen også laga mange songar saman med. Ein tredje samarbeidspartnar har vore Ragnar Hovland og ein fjerde Per Olav Kaldestad..

Resultatet har vorte ein rad viseperler med lokal undertone og Hansen baud på eit knippe av dei på Dønhaug. Lett er det ikkje å plukka fram den beste, men "Mandig og sterk" frå 1983 gjorde sterkast inntrykk på meg.

Men Hansen hadde slett ikkje berre lokal vare å by på onsdag. Han var til dømes innom både Evert Taube og Johannes Kleppevik og avslørte også at bluesen står hjarta hans nær.

Mot slutten innrømte han at han enno ventar på det store gjennombrøtet som popstjerne og presenterte den fengande "Jentene i Sunnhordland" som eit døme på kva som kanskje kan slå an i konkurransen..
- Odd Børretzen slo igjennom då han var 70 år og eg har enno 16 år att til den milepelen, sa Hansen.
I mellomtida skriv han også bøker. Gode bøker, seier dei som har lese dei.

Av Ola Matti Mathisen